

Saksprotokoll 11.03.2020 - hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon

Mark Taylor (MDG) sette på vegne av MDG, Ap, KrF, Sp, SV og V fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

4. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon forventar at Vestland fylkeskommune har eit kritisk blick på behovet for reiser i internasjonalt prosjektsamarbeid slik at prosjekt ikkje generer unødvendige flyreiser til ulempe for klima og miljø.

Avrøysting

Fylkesdirektør for innovasjon og næringsutvikling sitt forslag punkt 1-3 vart samrøystes vedteke.

Taylor sitt forslag fekk 9 røyster (MDG, Ap, KrF, Sp, SV og V) mot 5 røyster (H, FRP, FNB) og vart vedteke.

Vedtak

1. Alle internasjonale samarbeidsprosjekt der Vestland fylkeskommune ved fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling er prosjektleiar, skal leggjast fram for Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon for godkjenning i to omgangar: 1) Prosjektskisse og finansieringsmodell, 2) Fullstending søknad før søknadsfristens utløp.
2. Deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt der Vestland fylkeskommune ved Avdeling for innovasjon og næringsutvikling er partner, skal vedtakast administrativt og gjennomførast innan budsjettamma.
3. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon skal ha årlege rapportar med oversikt over deltaking i internasjonale samarbeidsprosjekt, ressursbruk og måloppnåing.
4. Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon forventar at Vestland fylkeskommune har eit kritisk blick på behovet for reiser i internasjonalt prosjektsamarbeid slik at prosjekt ikkje generer unødvendige flyreiser til ulempe for klima og miljø.